

Kommunane i Møre og Romsdal
v/rådmannen

Molde 18.11.14

Innsending av byggesaker og regulerings saker til klagebehandling – innføring av sjekklister ved oversending

Fylkesmannen i Møre og Romsdal mottar årleg nærare 200 klagesaker etter plan- og bygningslova. Om lag 90 % av desse er klager i byggesaker. I ein rekke saker ser vi at viktig faktisk dokumentasjon manglar ved kommunen si oversending. Dette kan for eksempel vere kopi av (dispensasjons) søknad m/vedlegg, klage, namn og adresse på klagar eller tiltakshavar, kommunens førebuande behandling, nabomerknader og relevant kart og plangrunnlag m.m. Det inneber betydeleg meirarbeid for fylkesmannen å innhente denne dokumentasjonen. Mangelfull oversending bidrar slik til forseinking i saksbehandlinga.

Vi har som følgjer av dette, utarbeida ei *sjekklister* til bruk ved kommunane si oversending av klagesakane. I utfylt stand vil denne sjekklistera lette sakbehandlerane sitt arbeid og samtidig gi kommunane kontroll med eigen behandling av saken og ei forsikring om at relevante dokument er med. Liknande sjekklister er også utarbeida ved andre fylkesmannsembete, og ein har god erfaring med bruk av slike.

Fylkesmannen forventar at kommunen straks tek i bruk vedlagte sjekklister i samband med oversending av klagesakane til fylkesmannen for avgjerd. Sjekklistera skal ligge som ei framside i oversendinga, og kommunen må sjå til at alle relevante dokument følgjer saken. I samband med ovannemnte vil vi også be kommunen legge ved nummerert *dokumentliste* ved oversending av klagesakane. Enkelte kommunar gjer dette i dag, noko som er eit lette i saksbehandlinga. Samlede dokumenter i saken skal i utgangspunktet sendast inn, men same dokument skal ikkje leggjast ved meir enn éin gong – då dette gjer saken mindre oversikteleg.

Sjekklistera ligg vedlagt dette skrivet, og er også lagt ut i elektronisk format på fylkesmannens nettside:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/> under «Plan og bygg»

Eventuelle spørsmål kan rettast til fagansvarleg Vibeke O. Fagervold per e-post til fmmrvifa@fylkesmannen.no, eller per telefon til 71 25 84 35

Med helsing

Helge Mogstad
direktør